

## HØYRINGSUTTALE VEDR. BUDSJETTFORSLAG OM NEDTREKK AV FINANSIELL STØTTE TIL AKSELLO.

Flora Industri og Næringsforening (FIN) er ein medlemsorganisasjon for over 70 store og små verksemder i Florø.

*Foreningen har som formål å arbeide for industriutvikling, næringsutvikling og innovasjon i kommunen (les tidlegare Flora kommune). Foreningen skal koordinere medlemmenes synspunkter på områder av felles interesse og fremme disse på medlemmenes vegner overfor offentlige myndigheter, selskaper etc. som man ønsker å påvirke. I slike saker er foreningen også medlemmenes talerør overfor media. Foreningen skal også være et møtested hvor medlemmene utveksler erfaringer og fanger opp nye ideer. Foreningen kan også delta i andre selskap som fremmer foreningens formål.*

FIN tok allereie på 1990-talet initiativ overfor kommunen å samordne næringsutvekslingsarbeidet i kommunen i staden for at kommunen sat med eigen næringsjef. Dette har vore ein suksess i samarbeidsselskapet Sunnfjord 2020 som vart avløyst av Fram Flora og no i Aksello. Både kommunen og FIN har vatna ut eigarskapen sin i Aksello og sluppe større selskap med hovudkontor i Florø og regionen til, samt industrivekstelskapet Siva.

Sidan 2011 har Aksello gjennom avtalar med kommunen levert førstelinjetenester og kommunal næringsutvikling til Flora kommune, og Kinn kommune frå 2020. Aksello sit tett på næringslivet og er kvalifisert til større nasjonale og regionale verkemiddel som næringslivet og kommunen har nytte av. FIN har såleis peika på Aksello som vår fremste operative samarbeidspartnar, og har derfor eit styre med berre ei administrativ stilling på 10%. FIN bidrar til grunnfinansiering i Aksello, og bidrar og til finansiering av møteplassar som frukostmøte, rekrutteringsmesser, dialogar og innspel i høve vidaregåande skule og Vestland fylkeskommunen, samt utviklingsarbeid i små-og mellomstore verksemder. Årleg bidreg FIN no med om lag kr.250.000 til dette. Dette er arbeid som Kinn kommune ikkje bidreg med i Florø-delen av Kinn kommune.

I budsjettforslaget for 2023 vert det no føreslege eit nedtak på 33 % til Aksello. Sjølv om den økonomiske situasjonen i kommunen er pressa, er dette eit grep som vil svekke det viktige arbeidet Aksello gjer for Kinn kommune både med førstelinjeteneste og kommunal næringsutviklingsarbeid . Dette bidreg ikkje berre til arbeidsskapingsarbeid i kommunen, men skaffar millionbeløp til kommunen frå nasjonale og regionale verkemiddelapparat.

FIN ber derfor politikarane våre i budsjettarbeidet sjå nytten av arbeidet kompetansemiljøet i Aksello bidreg med i Kinn kommune, og heller styrker støtta til Aksello. Alternativet med ein kommunal næringsjef vert fort eit svekka næringsutviklingsarbeid, færre nye arbeidsplassar og mindre tilgang til økonomiske ressursar frå ulike finansieringskjelder utanfor kommunen.

Florø 20. november 2023

Bjørn Hollevik  
Leiar FIN

[bjorn.hollevik@eninvest.net](mailto:bjorn.hollevik@eninvest.net)

913 81 879